



Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008/00216-106	Doknr.:
Mottatt: 05 MAI 2008	
Saksbø.: ASR/SER/IAA	Ark.: 479
Kopi:	Avskr.:

02.05.2008

Arkivsak: 08/616
Løpenr.: 08/5631
Sakshandsamar:
John Halvorson


Melding om politisk vedtak - Høyring - Endringer i odelslova, konesjonslov og jordlova - føresegner om bu- og driveplikt og arealgrenser

Vi viser til dykkar høyringsbrev dat. 5.2.08.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 29.04.2008, sak 25/08:

Luster kommunestyre viser til rådmannen si utgreiing, og sluttar seg til dei føreslegne endringane som går fram av "Høringsnotat, endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, bestemmelser om bo- og driveplikt m.v".

Med helsing


Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Vedlegg: Saksutgreiing

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Høyringsbrev frå Landbruks- og matdepartementet datert 05.02.08

Uprenta vedlegg:

Høyringsnotat, endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, bestemmelser om bo- og driveplikt m.v

Høyringsnotatet er lagt ut på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>

Samandrag:

Ved Landbruks- og matdepartementet sitt brev av 05.02.2008 er departementet sitt framlegg til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova sendt på høyring. I høyringsbrevet har departementet laga ein kort versjon av hovudinnhaldet i sitt framlegg, der heile endringsforslaget vert samanfatta i 10 punkt. Rådmannen har kommentert endringsforslaga med utgangspunkt i kvart av dei førnemnde 10 punkta. Rådmannen sluttar seg til dei endringane som går fram av "*Høyringsnotat, endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, bestemmelser om bo- og driveplikt m.v*".

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret.

Fakta:

Ved Landbruks- og matdepartementet sitt brev av 05.02.2008 er departementet sitt framlegg til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova sendt på høyring. Kopi av høyringsbrevet ligg ved, medan "*Høyringsnotat, endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, bestemmelser om bo- og driveplikt m.v*" er lagt ut på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/Horinger.html?id=1994>.

Bakgrunnen for endringsforslaget er ynsket om eit enklare og meir målretta regelverk for å styrkja bu- og driveplikt. Forslaga tek sikte på å gje kommunane høveleg reiskap for å oppnå lokale busetjingsmål, hindra at attraktive buplassar vert omdanna til fritidsbruk og sikra stabil drift av jordbruksareala. Dei fleste forslaga gjeld reglar om bu- og driveplikt, men det vert også gjort framlegg om endringar i konsesjons- og odelslova sitt omfang og i dei kriteria som ein skal leggja vekt på ved handsaming av konsesjonssøknader.

Departementet vil òg gjere det klart og tydeleg at buplikt og driveplikt er sjølvstendige pliktar som skal ivareta ulike samfunnsinteresser. Medan buplikt skal sikra busetjing på eigedomar med hus, skal driveplikt ta vare på matproduserande areal. Det vert lagt opp til lovtekniske endringar og ei samordning av nye arealgrensar i konsesjons- og odelslova slik at offentlige styresmakter unngår omfattande økonomiske og skjønsmessige vurderingar ved sakshandsaming.

I det nemnde høyringsnotatet legg Landbruks- og matdepartementet opp til å fremja ein proposisjon med forslag til endringar i løpet av 2008. Såleis vert høyringsfristen sett til 5. mai 2008.

Høyringsbrev av 05.02.2008:

I høyringsbrevet har departementet laga ein kort versjon av hovudinnhaldet i sitt framlegg til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Der heiter det innleiingsvis at: "*Forslagene tar*

sikte på å oppnå større forutberegnelighet, bedre målretting og forenklinger." Vidare i brevet vert heile endringsforslaget samanfatta i 10 punkt:

1. "At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven."
2. "At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog."
3. "At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag."
4. "At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog."
5. "At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift"."
6. "At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene."
7. "At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon."
8. "At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen."
9. "At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig."
10. "At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense."

"Departementet ber også om synspunkter på:

- om det bør innføres boplikt i kommunen ved erverv av utmarkseiendom."

Vurdering:

Rådmannen finn det mest naturleg å kommentera endringsforslaga med utgangspunkt i kvart av dei førnemnde 10 punkta.

1

"At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovedsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven."

Buplikt:

I dag kan ein finna reglar om buplikt både i konsesjonslova og odelslova. I dagens lovverk, ved konsesjonsfri overtaking av landbrukseigedom, får odelsrettshavarar 5 år med bu- og driveplikt gjennom odelslova, medan ein som søker konsesjon får buplikt vurdert som eit konsesjonsvilkår. Departementet meiner at dette har ført til eit meir komplisert bupliktsreglement enn det som er naudsynt. I sitt endringsforslag meiner departementet at buplikt bør vere eit vilkår for å sleppe å søkja konsesjon, og då slik at ein som ynskjer fritak frå buplikta, må søkja konsesjon, ikkje fremja ein eigen søknad om fritak frå buplikt etter reglane i odelslova.

Så lenge ein kan oppfylle driveplikta ved utleige, er det berre buplikta som kan setje grenser i høve eigarar som ynskjer å nytta landbrukseigedom som fritidseigedom. Dersom odelslova og konsesjonslova vert endra i samsvar med departementet sitt forslag, meiner rådmannen at tilhøve for kommunal handheving av bupliktsreglane vert styrkte då ny lovtekst (i konsesjonslova) vil gjere det klart og tydeleg at det i utgangspunktet er buplikt på landbrukseigedommar.

Ved å flytta reglane vert det også enklare å utarbeide einsarta retningslinjer om buplikt, uavhengig av om overtakaren er nær slektning eller har odelsrett. Dersom dei offentlege styresmaktene pålegg buplikt, vert det åleine ei vurdering om kva slags konsesjonsvilkår som bør setjast. Difor meiner rådmannen at tydelege rammer for vurdering av om buplikt er aktuelt og ev skal vere personlig, bør lovfestast slik at den kommunale landbruksforvaltninga unngår skjønsmessig vektlegging av dei ulike momenta som fylgjer to ulike lover. I tillegg vil omsynet til den enkelte søkjaren sin rettstryggleik tilseia at hovudmomenta i vurderinga vert fastsett i sentralt regelverk, og vert både like og tilgjengelege for alle. Etter rådmannen si vurdering vil dette òg føra til ei enklare og meir effektiv oppfyljing av misleghaldsaker ved at alle bupliktsaker vert handsama etter eitt lovverk (konsesjonslova).

Rådmannen kan slutte seg til forslaget om å samle reglane for buplikt i konsesjonslova slik at høve til å søkja fritak/utsetjing med buplikt etter odelslova fell bort, og at ein som ikkje kan oppfylle buplikta, må søkja konsesjon på lik linje med personar utan odelsrett.

Driveplikt:

Føremål med driveplikta er å ta vare på produksjonsegenskapane på matproduserande areal. Føremåla med jordlova i samspel med driveplikta skal ta omsyn til jordvern, kulturlandskap og ein eigar- og bruksstruktur som fører til "driftsmessig gode løysningar". Målet for driveplikta skal då vere at produksjonsareal som kan gje grunnlag for lønsam drift, anten drifta skjer sjølvstendig eller som tilleggsjord til annen eigedom, vert drive.

Departementet føresler også at reglane om driveplikt i odelslova vert oppheva. Det same gjeld reglane om driveplikt i konsesjonslova § 5, 2. ledd. Departementet meiner at driveplikta bør innarbeidast i ny form i jordlova slik at dei samfunnsomsyn som ligg til grunn for driveplikta, vert meir tydelege enn i dag. Medan departementet føresler at bupliktsreglane skal flyttast til konsesjonslova ved overtaking av bebygd eigedom, skal driveplikta flyttast til jordlova og gjerast om til ei varig plikt ved overtaking av jordbruksareal.

I fylgje departementet sitt endringsforslag skal driveplikta vere personleg, gjeld berre jordbruksareal (ikkje heile eigedomen) og syta for at den som eig jorda sjølv skal drive. Men samstundes, fordi jordleige er ein såpass viktig del av driftsgrunnlag for aktive gardbrukarar (40 prosent av jorda er i dag leigejord), vert det høve til å søkja fritak/dispensasjon frå personleg driveplikt slik at denne plikta kan oppfyllast ved bortleige.

Rådmannen kan slutte seg til dette forslaget om varig driveplikt så lenge jordeigarar framleis får høve til å søkja fritak frå den personleg driveplikta ved skriftleg og langsiktig utleige, slik at aktive næringsutøvarar i distrikta får tilgang til eit stabilt ressursgrunnlag. Når dispensasjonar skal handsamast, meiner rådmannen at det er viktig at kommunen får medverka til langsiktige leigeavtaler mellom eigar og aktive jordbrukarar for å sikra "driftsmessige gode løysingar" med tanke på både matproduksjonen og kulturlandskapet. Til slutt er rådmannen også samd med departementet i at verkeområdet for reglane om driveplikt vert samla i jordlova § 8 som frå før

omhandlar eit nærliggjande og kjenslevart tema, nemleg vanhevd av jordbruksareal. Såleis vert plikta til ikkje å vanhevide jorda også varig.

2

"At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog."

For eigedom som fyller arealkrav til odlingsjord og kan nyttast til landbruksdrift, jf odelslova §1 og 2, oppstår i dag bu- og driveplikt. Departementet har ved brev av 19.06.2007 kome til at kriteriet "jord- og skogbrukseiendom" i konsesjonsloven § 5, 2. ledd skal tolkast på same måte som kriteriet frå odelslova om at eigedomen må "kunne nyttas til landbruksdrift".

Når det gjeld arealkrav, omfattar omgrepet "jordbruksareal" i odelslova, "fulldyrka og overflatedyrka jord, samt jord som uten vidare kultivering er egna til kulturbeite og slåtteng". Ein eigedom vert å rekna som odlingsjord etter odelslova dersom "jordbruksareal" (eller tilsvarende ressurs) er minst 20 dekar. Krav til jordbruksareal i konsesjonslova omfattar berre fulldyrka jord og her vert ein eigedom å rekna som konsesjonspliktig dersom totalareal er meir enn 100 dekar, eller meir enn 20 dekar er fulldyrka.

I dag må styresmaktane ta stilling til ulike arealgrenser alt etter kva lovverk ei sak skal handsamast etter. Desse reglane, med avvikande arealkategoriar, arealgrenser og skjønsmessige vurderingar, gjer det svært vanskeleg for landbruksstyresmaktane å avgjere kva slags eigedommar som vert omfatta av konsesjonsplikt, buplikts- og/eller odlingsreglementa. Særleg er uttrykket "kan nyttas til landbruksdrift" så skjønsmessig og prosessdrivande at Høgsterett ved fleire høve har måtta ta stilling til kva som eigentleg ligg i ei slik formulering.

Dei viktigaste endringane er difor knytte til fastsetjing og samordning av nye arealgrenser i odelslova og konsesjonslova. Departementet føresler også å fjerne den prosessdrivande formuleringa i odelslova § 1 ("kan nyttast til landbruksdrift") og § 2 ("eller det høyrer til så mykje anna areal, rettar og lunnende at den produksjonsmessige verdi tilsvarar minst 20 dekar jordbruksareal").

Departementet sitt forslag vil då innebera at arealkategoriene vert like anten det dreier seg om grensar for konsesjonsplikt, buplikt eller odlingsjord. Omgrepet "jordbruksareal" i odelslova og "fulldyrket" i konsesjonslova vert endra til "fulldyrka og overflatedyrka jord" slik at desse to lovverka er like. Vidare føresler departementet at den felles arealgrensa for buplikt m.o.t. fulldyrka og overflatedyrka jord vert auka frå 20 til 25 dekar. Den alternative grensa (100 dekar produktiv skog) for buplikt (og odlingsjord) vert som i dagens odelslov, men med høgare arealgrense, 350 dekar. Totalarealet for grensa for konsesjonsplikt vert som i dag, 100 dekar.

Rådmannen ser det som positivt at buplikta vert knytt til ei felles arealgrense utan skjønsmessige kriteria og til ein felles regel for arealtype. Dette vil i stor grad medverke til eit enklare utgangspunkt både for overtakaren og forvaltning. Rådmannen kan og slutte seg til forslaget om å setje innslagspunktet for buplikt til 25 dekar dyrka jord. I Luster kommune vil dei fleste eigedomane med såpass stort dyrka areal, også ha ein del skog og utmark, samt jakt, fiske og ev andre rettar, som gjer at buplikta ikkje kjem til å framstå som eit urimeleg krav frå samfunnet. Arealgrensa på 350 daa produktiv skog finn rådmannen også høveleg når det gjeld buplikta.

Mest truleg vil den aktuelle endringa innebere at fleire eigedomar i Luster kommune vert omfatta av buplikts- og /eller odelsreglementa enn kva tilfelle er med dagens reglar. Sjølv om forslaget (som aukar arealgrensa frå 20 til 25 dekar) isolert sett kan føra til at færre eigedomar enn i dag vil få

buplikt, vil endringa få ei monaleg redusert verknad når omsyn til vilkåret om pårekeleg "landbruksdrift" vert fjerna.

Rådmannen ser difor ingen dramattikk i at departementet sitt forslag legg opp til ei ny nedre grense på 25 daa dyrka mark, dvs. 25 daa fulldyrka og overflatedyrka mark og at grensa for reine skogeigedommar vert auka frå 100 daa til 350 daa. Samla sett kan dette føra til at færre eigedommar på landsbasis vil få buplikt, men i praksis vil det påverka langt færre eigedommar, då mange av desse har fått varig fritak frå buplikt eller vorte underkjende som odlingsjord gjennom rettsapparatet. Såleis vert det færre saker til handsaming der eit opplagt fritak til no har vore utfallet. Dette er etter rådmannen si oppfatning berre positivt.

3

"At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag."

Då omgrepet "fulldyrket" i konsesjonslova vert endra til "fulldyrka og overflatedyrka jord" vil fleire eigedomar enn i dag få konsesjonsplikt. Rådmannen meiner difor at det ikkje er urimeleg å kompensere dette ved å endra arealgrensa frå 20 til 25 dekar. Hovudpoenget er innføring av ei felles grense for buplikt og konsesjonsplikt m.o.t. "fulldyrka og overflatedyrka jord". Rådmannen vil slutta seg til dette forslaget og vise til utfyllande merknader under punkt 2.

4

"At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog."

Rådmannen meiner at vidareføring av ulike arealgrenser når det gjeld totalareal for konsesjonsplikt (100 dekar), buplikt ved bebygd skogeiendom (350 dekar) og krav til odlingsjord (350 dekar produktiv skog), er uproblematisk. Rådmannen vil slutta seg til dette forslaget og viser til utfyllande merknader under punkt 2.

5

"At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".

I samsvar med merknadane under punkt 2, ser rådmannen det som positivt at spørsmål om buplikta og odlingsjord som oppstår i konsesjonslova eller odelslova vert knytte til ei felles arealgrense utan skjønsmessige kriteria og til ein felles regel for arealtype. Rådmannen er, utan atterhald, samd med departementet i at den prosessdrivande heilskapsvurderinga av om eigedommen "kan nyttast til landbruksdrift" skal fjernast.

6

"At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene."

I fylgje dagens regelverk, har den som overtek ein landbrukseiendom, anten konsesjonsfritt eller ved ordinær overtaking, plikt til å busetje seg på eigedomen og drive den i minst fem år (jf konsesjonslova §5 og odelslova §27). Buplikta er personleg anten den tek utgangspunkt i odels-

eller konsesjonslova. Dersom overtakaren ikkje oppfyller buplikta etter konsesjonslova § 5 eller odelslova § 27, fell vilkår for konsesjonsfri overtaking bort.

Både etter odelslova og konsesjonslova må ein i dag gå vegen om eit misleghaldsvedtak og ev konsesjonssak før kommunen kan setje ein frist for overtakaren (som ikkje oppfyller buplikta) å ordna sitt eigartilhøve ved omgjerung eller vidaresal. Dette gjeld sjølv om utsetjing/dispensasjon vart handsama som eiga sak, og avgjerd om buplikta var endeleg. Ved å gå direkte på ei konsesjonssak, vil kommunen raskare kome fram til eit eventuelt pålegg om vidaresal som sanksjonsmiddel.

Rådmannen meiner at det er unødvendig at lova inneheld eigne reglar om at overtakaren av landbrukseigedom kan søkja om fritak eller utsetjing med buplikta. Den konkrete vurderinga om buplikta kan skje i samband med konsesjonsvurderinga. Rådmannen er samd med departementet som også meiner at, dersom høve til utsetjing vert fjerna, vert eigaren nøydd til å bestemme seg langt raskare enn etter dagens regel. Såleis vert det vanskeligare å skyve buplikta føre seg og, i fylgje nyare forskning, vil sjansen for at den nye eigaren kjem til å bu på eigedomen i framtida auka monaleg.

Rådmannen kan slutte seg til forslaget om at alle som kjøper og som ikkje vil eller kan busetje seg på landbrukseigedomen dei tek over, må søkja konsesjon. I konsesjonsvurderinga kan kommunen ta konkret stilling til om dei skal få konsesjon med eller utan krav om å busetje seg der. Såleis vil kommunen få høve til å innretta sin praksis slik at busetjing i sårbare utkantsdistrikt vert styrka.

7

”At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.”

Rådmannen meiner at dei fleste som kjem borti slike saker, både søkjarar, sakshandsamarar og politikarar, vil vere tente med at vurderingskriteria vert fastsette i sjølv lovteksten. Sjølv om det er opningar for lokal tilpassing i konsesjonslova (sjå rådmannen sin merknad i punkt 6, siste ledd), meiner rådmannen at dette er viktig med tanke på den einskilde søkjar sin rettstryggleik, at hovudmomenta i vurderinga vert fastsett i sentralt regelverk, og vert både like og tilgjengelege for alle.

8

”At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.”

Departementet peiker på at moglegheit for å oppfylle buplikta utan at den ny eigaren er registrert i folkeregisteret (50% - regelen) har vore kritisert. Kommunane (inkludert Luster kommune) har påpeika at det er svært krevjande å fylgje opp slike saker på ein forsvarleg måte. Ordninga er eksempel på regler som ein lett kan koma seg unna, og som lett fører til unødvendig detaljregulering.

Her kan rådmannen berre slutte seg til departementet sine vurderingar og konklusjonar. Ved handsaming av konsesjonssøknader, kan det eventuelt utarbeidast tilpassa vilkår om ulike former for delvis oppfylging av buplikt – utan folkeregistrering – i dei tilfelle ein finn slikt rimeleg og tenleg.

9

”At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.”

Departementet meiner at dersom driveplikta skal fungera som virkemiddel for å halde jordbruksareala i hevd, er det ikkje tilstrekkeleg med ei driveplikt dei fem første åra etter overtaking. Departementet meiner at driveplikta må gjelde heile eigarperioden. Jordlova § 8 inneheld i dag eit generelt forbod mot vanhevd av dyrka jord. Departementet meiner at ei varig driveplikt gjør det lettare å gripe inn overfor manglande drift før jorda blir vanhevda. Rådmannen er samd med departementet i at det då bør innførast ei driveplikt berre på jordbruksareal, og at verkeområdet kan vere den same som vi i dag har i reglane om vanhevd i jordlova § 8: at plikta berre gjeld jord som kan drivast lønsamt. I lys av jordvernet sin styrka posisjon vil det også vere rett, og etter rådmannen sitt syn slett ikkje urimeleg, å gjere denne driveplikta varig.

10

”At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.”

Departementet peiker på at kommunar med nedsett konsesjonsgrense gjev uttrykk for at det skjer omdanning frå heilårsbustad til fritidshus som fylgje av overdraging til nær slekt. Etter departementet sitt syn er det viktig at lovverket legg til rette for at kommunane kan hindra ei slik bruksendring. Med bakgrunn i dette gjer departementet no framlegg om at kommunen – ved eiga forskrift - skal kunne oppheve slektskapsunntaket.

Det er ikkje forskrifter om nedsett konsesjonsgrense (0-grense) i Luster kommune. Frå ulikt hald i dei kommunane som har hatt slike forskrifter (Vik, Aurland, Balestrand) er det sagt at effekten av regelverket har vore liten, nettopp på grunn av slektskapsunntaket.

Så lenge det er tale om eit ”forskriftstilbod” i departementet sitt framlegg, og kommunane såleis står heilt fritt til å nytte det eller ikkje, ser rådmannen små problem med å slutte seg til forslaget.

11

”Departementet ber også om synspunkter på om det bør innføres boplikt i kommunen ved erverv av utmarkseiendom.”

Rådmannen kjenner ikkje til privateigd, rein utmarkseigedom, eigedomar utan produktive areal eller skogeigedomar utan bygning som er på mellom 5 000 og 10 000 dekar i Luster kommune.


Når det gjeld Luster kommune sine synspunkt på dette temaet, kan rådmannen slutte seg til Landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane si instilling i samband med fylkeslandbruksstyret sitt møte den 15.04.2008. Her heiter det:

”Det er her tale om eigedomar utan produktive areal eller skogeigedomar utan bygning, og det er, forståeleg nok, kommunane sine synspunkt departementet først og fremst er ute etter. Tar ein utgangspunkt i forslaget om å setje ei arealgrense på 10 000 dekar for buplikt, har vi nok svært få slike reine skog- og/eller utmarkseigedomar her i fylket som kan bli omfatta av reglementet. Vi vil rå departementet til å vektlegge synspunkta frå dei kommunar og fylker der dei aktuelle eigedomane ligg, men på tross av vår manglande erfaring med slike eigedomar, vil vi kort gje uttrykk for at alternativet med lokalt regelverk for oss framstår som mest målretta og rimeleg,

samt at dei fleste omsyna bak slikt eventuelt reglementet vil bli ivareteke ved at buplikta vert knytt til kommunen, ikkje til eigedomen.”

Dato: 14.04.08

Tore Eriksen
rådmann



Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:
m/kopi til:

Landbruks- og matdepartementet, postboks 8007 Dep, 0030 Oslo